



Talet på redningsoperasjonar i Nåso er aukande, i tråd med at fjellmassivet vert stadig meir populært både blant klatrarar og vanlege turgåarar. Sist vart det demonstrert seint i går kveld, då 3 svensker av den siste kategorien vart berga. Men uskedalen.no har fått dette spørsmålet: Kven betaler rekninga for operasjonen?

Vi har sendt spørsmålet vidare til politioverbetjent Sigurd Børve som slår fast at det kjem sikkert Hovudredningssentralen til å gjera også i dette tilfellet.

- Det skal svært mykje til for at dei som vert berga også må betala for redningsoperasjonen, seier Børve som innrømmer at vi her i landet er generøse også på dette området.

Men frå politiet si side vert det også lagt vekt på at dei som må bergast og andre som dreg til fjells samstundes får gode råd om korleis dei skal oppføra seg i den norske fjellheimen for å unngå slike hendingar. Dette vert ei viktig oppgåve framover også her i Uskedalen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen